



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
14/9563-1	16.12.2014	20091/2015/U40	Lisbeth Nervik, 71 25 81 66	14.04.2015

## Høringssvar - NOU 2014:16 Sjømatindustrien

Viser til Dykkar brev av 16. desember 2014 med høyringsfrist 30. april 2015 om «Høring NOU 2014:16 Sjømatindustrien».


Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune fatta 23. mars 2015 følgjande vedtak:

### Vedtak i Fylkesutvalet


1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til tiltaka som er knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er like viktig med godt utdanna fagarbeidarar med kompetanse frå vidaregåande- og fagskule som høgskule- og universitetskandidatar for sjømatindustrien.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til tiltaka som er knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetting, mattryggleik/hygiene, arbeidsforhold og -vilkår, miljø m.m.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til fritt fartøys- og reiskapsval for fiskeflåten. Det føreset at dei regionale bindingane som har hatt til formål å hindre overdraging av fiskefartøy mellom fylker/regionar vert oppheva ved innføring av dette tiltaket.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune er negativ til forslaget om å omsette kvotar utan kvotetak per fartøy (oppheving av strukturkvoteordninga).
6. Møre og Romsdal fylkeskommune er imot forslaget om å endre aktivitetskravet i §6 i deltakarlova for å gje tilgang til sjømatindustrien til å eige fiskekvoter.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til å avvikle leverings-, bearbeidings- og aktivitetsplikta.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det ikkje er behov for ei endring i førstehandsomsetting for villfisk jf. Fiskesalslaglova per i dag.

Viser også til vedtak frå Møre og Romsdal fylkeskommune i «Melding til Stortinget om vekst i norsk laks- og ørretoppdrett» og «Forslag om oppheving av forskrift om fordeling og avgrensing av produksjonskapasitet i lakseoppdrettsnæringa».

Med helsing



Jon Aasen  
fylkesordfører



Bergljot Landstad  
regional- og næringssjef

Vedlegg: Høyringsvar NOU 2014:16 Sjømatindustrien  
Vedtak - Melding til Stortinget om vekst i norsk laks- og ørretoppdrett  
Vedtak - Forslag om oppheving av forskrift om fordeling og avgrensning av  
produksjonskapasitet i lakseoppdrettsnæringen